

Søknad

Søknadsnr.	2019-0084	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	TEx Vest - Teknologifestivalen på vestlandet			

Kort beskrivelse

Teknologifestivalen på vestlandet er eit rekrutterings- og miljøbyggingsprosjekt, og er eit vidareutvikling av dataarrangementet VestLAN. TEx Vest skal bidra til å etablere vår region som leiande innan teknologi, kompetanseutvikling, samt syne ei satsing på ung digital kultur for å sikre posisjon for framtidretta rekruttering.

Prosjektbeskrivelse

I ei tid med auka sentralisering som ei følge av t.d. fylkessamanslåing, er det viktigare enn nokon gong å skape og behalde kompetansemiljøa i ytre regionar, så vel som å aktivt arbeide med rekruttering til både studiar og arbeidsplassar.

Teknologifestivalen TEx Vest er eit rekrutteringsarrangement, som samstundes vil være ein drivar for å bygge kompetansemiljø kombinert av både næringsliv og dei unge, framtidige arbeidstakarane.

Dagens teknologi og digitale kultur er argument for å nå dei unge på deira eigne premissar. Ved å drive VestLAN som ein del av teknologifestivalen, sikrar vi ungdomen sitt engasjement og interesse, og næringslivet får moglegheit til å ta den i den unge, digitale kulturen. Eit næringsliv og akademia som framstår som trendy, sporty og tidsriktig aktuelle vil vere meir attraktive enn om ein berre er praktisk nyttig.

Bakgrunn

Hausten 2017 etablerte Høgskulen på Vestlandet eit prosjekt med formål om å rekruttere best mogeleg til dei ulike teknologiutdanningane dei gir i Sogn og Fjordane. Saman med næringsliv i fylket, blei prosjektet "RekrutterING Sogn og Fjordane" etablert. I prosjektet blei det spesielt fokusert på den nye utdanninga innan Informasjonsteknologi, som skulle ha oppstart hausten 2018. Som eit tiltak for å kome i kontakt med potensielle søkjarar, satsa ein på å arrangere eit stort Lan, og en fekk med seg Enivest, Framtidsfylket og Sunnfjord Utvikling som sentrale støttespelarar. Lan'et ville vere ein god arena for rekruttering. Resultatet blei VestLAN 2018, det største lan'et i fylket, med over 250 deltakarar. Det vart laga tv-studio, og sendt live frå VestLAN 24 timar i døgnet medan det pågjekk. Streamen vart fulgt av tusenvis av sjåarar.

Som ungdomsarrangement var VestLAN ein stor suksess, og aller viktigast var det at vi fekk etablert VestLAN som eit nytt LAN-konsept med nasjonal merksemd.

Som rekrutteringstiltak har eit LAN-party i seg sjølv begrensa potensiale. Men, som eit virkemiddel i ein meir omfattande kontekst vil eit slikt arrangement utgjere ein vesentleg forskjell frå tradisjonelle rekrutteringsarrangement. Med kontekst meiner ein då ein form for konferanse eller messe, der LAN'et vil vere ein integrert del av programmet. Dette skapar fundamentet for TEx Vest – teknologifestivalen på vestlandet.

TEx Vest er eit ambisiøst prosjekt. Men det må det og vere, om ein skal konkurrere med dei store bysentra om ungdom, kompetanse og ressursar.

Arrangementet vil bli det fyrste av sitt slag, og basert på våre erfaringar med VestLAN vil TEx Vest utvilsomt få svært stor nasjonal merksemd, noko som gjer store moglegheiter ifbm regionalpolitisk formidling.

Beskriving av arrangementet

TEx Vest lanserast som ein teknologifestival – den fyrste av sitt slag. Festivalen består av følgende innhald:

- VestLAN – LAN og eSport-turneringar, og tilhøyrande underhaldning
- Expo – Næringslivet sin arena, med utstillingar og stands frå både tradisjonelt næringsliv og teknologiske verksemder
- Talks – Foredrag og innlegg frå relevante foredragshaldarar, både type auditorium og meir uformelle settingar
- Sessions – Næringslivet sine eigne mini-events som vert marknadsført nasjonalt som ein del av festivalen
- Social networking og underhaldning – moglegheiter for å knyte kontakt i uformell kontekst

Framtidsfylket vil stå som offisiell arrangør av TEx Vest.

Prosjektgruppa som støttar arrangementet består av:

- Framtidsfylket, v/ Linda Hovland
- Høgskulen på vestlandet, v/ Øyvind Østrem
- Sunnfjord Utvikling, v/ Rolf Sanne-Gundersen
- IT-Forum Sogn og Fjordane, v/ Anne Mette Hjelle
- Eninvest, v/ Christiane Ulriksen
- Prosjektleder Allan Madsen

I tillegg vil vi involvere støttespelarar og ressurspersonar frå:

- Peak Sunnfjord
- Førde Kommune
- Inkubatorane i fylket (Aksello og KPSF)

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Framtidsfylket AS Org.nr:992403896	3. Etasje, oppgang venstre Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE	99 01 78 52
Kontakt- person	Allan Madsen	Magnus Thingnes gate 1 6900 FLORØ	47283001
Prosjekt- leder	Allan Madsen	Magnus Thingnes gate 1 6900 FLORØ	47283001

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

300 000,- i forprosjektmidlar frå Sunnfjord - næringsfond.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bakgrunn for prosjektet er det overordna føremålet med rekruttering til vår region. VestLAN var gnisten som gav nasjonal merksemd rundt satsinga, og dette fundamentet bygger vi no vidare på for å skape konkrete resultat ifbm rekruttering og miljøbygging.

Prosjekt mål

Planlegging og gjennomføring av TEx Vest - teknologifestivalen på vestlandet.

Forankring

Prosjektet er forankra i følgande aktørar og organisasjonar:

Framtidsfylket - organisasjon og styre

Høgskulen på vestlandet

Sunnfjord utvikling

Førde kommune

Enivest

IT-forum Sogn og Fjordane

PEAK Sunnfjord

Prosjektorganisering

Framtidsfylket vil stå som offisiell arrangør av TEx Vest.

Prosjektgruppa som står bak arrangementet består av:

- Framtidsfylket, v/ Linda Hovland
- Høgskulen på vestlandet, v/ Øyvind Østrem
- Sunnfjord Utvikling, v/ Rolf Sanne-Gundersen
- IT-Forum Sogn og Fjordane, v/ Anne Mette Hjelle

- Eninvest, v/ Christiane Ulriksen
- Prosjektleder Allan Madsen

I tillegg vil vi involvere støttespelere og ressurspersoner fra:

- Peak Sunnfjord
- Førde Kommune
- Inkubatorane i fylket (Aksello og KPSF)

Samarbeidspartnere

Høgskulen på Vestlandet

Eninvest AS

Framtidsfylket AS

Sunnfjord Utvikling

Avent Digital AS

Førde kommune

Aktiviteter

- Utarbeide konsept for TEx Vest 2019, herunder
 - o Prosjektering hovedprosjekt
 - o Skissert samansetning av innhald
 - o Samkøring av TEx Vest og VestLAN
 - o Definisjon av målgrupper og effekt
 - o Utarbeide profil
 - o Interesseundersøking blant næringsliv i høve val av hovudtema
- Initiere kontakt med bidragsytarar
 - o Fylkeskommune
 - o Relevante kommunar
 - o Bankane
 - o Næringsapparata
 - o Nøkkelveksemdar
- Avklare praktiske detaljar

- o Behov og booking - lokaler
- o Rolleavklaring og kapasitet referansegruppe
- Bestemme hovudinnleiarar - tentativt
- Invitere bestemte esport-lag - tentativt
- Offentleggjering og marknadsføring av TEx Vest
- Planlegging av struktur og organisering av VestLAN 2019, som ein del av teknologifestivalen
- Marknadsføring av VestLAN 2019
- Gjennomføring av arrangementet
- Oppfølging og planlegging av gjentakande arrangement

Målgrupper

-

Resultat

Sikre deltaking fra aktørar og personar i regionen, samt trekke ungdom og interesse frå resten av landet.

Effekter

Sikre eit uttrykk for vår region som syner at vi er ei drivkraft for teknologisatsning og -utvikling, og bevisst på viktigheita av å kjenne den unge digitale kulturen.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2019

Januar - mars: Forarbeid, planlegging og finansiering

April - august: Planlegging, innhold og markedsføring

September: Gjennomføring av arrangementet

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Administrasjon, planlegging, gjennomføring	800 000					800 000
Bistand personell Førde kommune	200 000					200 000
Kostnader diverse	130 000					130 000
Lokaler og fasilitering	200 000					200 000
Marknadsføring og profilering	300 000					300 000
Programpostar og innhald	400 000					400 000
VestLAN 2019	800 000					800 000
VestLAN Prizepool	200 000					200 000
Sum kostnad	3 030 000					3 030 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Bankstiftingane	500 000					500 000
Billettsal (300x2000)	600 000					600 000
Billettsal LAN	100 000					100 000
IT-forum og næringsliv sponsor	400 000					400 000
Tenestesponsing Førde kommune	200 000					200 000
Tenestesponsing generalsponsor Eninvest	500 000					500 000
Tenestesponsing HVL	100 000					100 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	500 000					500 000
Utstillarar Expo	130 000					130 000
Sum finansiering	3 030 000					3 030 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
logo2.jpg	73 231	12.03.2019
teknologifestival (1).pptx	6 614 815	12.03.2019